


# - RETTSOPPGJERET etter krigen var KOMMUNISTISK



**JAN ATLE STANG,**  
journalist i Firdaposten, har  
laga to artiklar etter samtalar  
med søneno til to NS-  
menn. Intervjuet er gjort i  
Buenos Aires i Argentina.  
Det første kan du lese i dag.  
Det andre vert trykt i avisa i  
morgon.

**BUENOS AIRES, ARGENTINA (Firdaposten):** Petter Kahrs (49), son til NS-mannen, hirdleiaren og frontkjemparen Sophus Magdalon Buck Kahrs, er ikkje nådig i sin dom over det norske rettsoppgjeret etter krigen. Som fem-åring måtte han flytte frå Vestre Torvgate 8 i Bergen,

til Argentina, der faren hadde slått seg ned. Av økonomiske grunnar har han aldri vore tilbake i Norge, men han har enno sitt norske statsborgarskap og sitt klare bergensmål.

## «NS-sonen»

### Petter Kahrs

### er sint

#### «Solbris»

Den 23 meter lange kutteren «Solbris» vart bygd i Nord-Tyskland i 1903. Båten var tenkt til nok so stort, og den slanke forma med det fine, avrunda akterspeilet og den elegante klipperbaugen var eit høgdpunkt i dåtidas konstruksjonskunst. Ei solid dampmaskin gav båten ein fart på ni knop.

Etter at båten kom til Bergen, og skulle nyttast som passasjerbåt, vart det derimot oppdaga ein alvorleg skavank: Båten var så flat i botnen at folk vart sjøsjuke berre ved å krysse Byfjorden. Difor vart dei ofte brukt som øvingsbåt for ungdomar som skulle til sjøs.

«Solbris» vart seid til dåverande statsminister Christian Michelsen, som døyppte båten «Lucius» — det latinske namnet for gjedde.

Etter at Michelsen døydde kom båten i opplag.

Ein vårdag i 1947 vart «Solbris» på nytt oppdaga. Då låg den på Mongstad. To menn frå Bergen var komne for å sjå på båten, og namnet delra var ingeniør Cook og kaptein Landmark. NS-mennene sine fluktplanar var i gang, og «Solbris» skulle snart ut på si lengste reise, som den første fluktått over Atlanteren etter krigen.

Etter at «Solbris» kom til Argentina vart den liggande i den luksuriøse hamna Puerto Olivos ved Rio de la Plata i Buenos Aires nokre år. Den vart så kjøpt av eit argentinsk selskap som dreiv opplak av sand frå elvar i området.

«Solbris» ligg no til søls i byen Parana 400 kilometer nord for Buenos Aires.

PS: Ein av rømlingane, Røald Astrup Nielson, har skrivne to bøker om den dramatiske Solbrisreise. Den beste boka heiter «Eventyret om Solbris», og omhandlar alt frå tilhøva på Espeland via arresten i Brasil til landtinga i Argentina. (I Hans Martiniusens Forlag, Bergen 1982).

Eg møtte Petter Kahrs fleire gonger på ein kafé midt i Buenos Aires. Fleire gonger spaserer vi i timevis rundt i denne byen som er så rik på opplevingar — så rik på demonstrasjonar og tangobalar.

Heile tida medan vi sat på kaféar eller spaserer rundt i gatene og dei breie avenyane snakka Petter Kahrs om far sin, om rettsoppgjeret, om dei nye lovene med tilbakeverkande kraft, og om eit Norge han lengtar tilbake til.

Faren, Sophus Kahrs, var fødd 28. mars 1918. Han var ein av dei elleve som flykta frå Bergen den 3. juli (1943) Med båten «Solbris» tok dei seg over til Argentina, der dei landa eit år seinare. Fleire av rømlingane, mellom dei Sophus Kahrs,

stakk av frå ein fangeleir for NS-aktivistar på Espeland utanfor Bergen. Sophus Kahrs var også ein av dei ombord som hadde den hardaste dommen på seg etter rettsoppgjeret.

#### Quislings garde

Han gjekk på krigsskule ved krigsstart i 1940, men hadde vore medlem av NS sidan 1934 og medlem av NS-hirden sidan 1935. Frå 1936 var han også medlem av NS sin kamporganisasjon.

Under krigen var Sophus Kahrs leiar for fleire såkalla hirdoppmarsjar i Bergen og på Austlandet. Han deltok også i fleire aksjonar, mellom anna ein aksjon mot Sydneshaugen skole i Bergen, der det var komne til motsetningar mellom NS-barn og andre. Kahrs, med følgje, gjekk rundt og sjekka om det var skrivne nedsettande ord om Quisling på pultane.

Den 10. mai 1942 melde han reservepolitikonstabel Borge i Bergen til Statspolitiet fordi Borge den 10. januar 1942 klokka 13.40, i Strandgata, utanfor Svaneapoteket, ikkje helste på Kahrs trass i at han gjekk i nazifuniform. Borge fekk advarsel.

Sophus Kahrs kom i aktiv teneste som troppførar på Leningrad-fronten 12. januar 1942.

Eit år seinare vart han kompanisjef. Han blei også tildelt jernkorset av første klasse. Han var leiar for Quislings garde, og kompanisjef for SS-skibataljon i Norge.

Sophus Kahrs vart arrestert 10. mai 1945, men stakk av 30. september same år. Han vart pågripen att 5. oktober etter eit mislykka fluktforsøk til Sverige.

I domspapira står det mellom anna at han hadde ofra alle sine krefter for den tyske sak i den mest vesentlege delen av okkupasjonsida. I formildande retning vart det lagt vekt på at han ved krigsstart berre var 22 år og at det at morfaren var tysk innvandrar, hadde ført til at det var eit tyskprega miljø i heimen.

Vart nekta pass *10 år og 9 mnd.* Sophus Kahrs vart dømd til 10 års fengsel og ti års tvangsarbeid.

Petter Kahrs, som kvar veke henter norske aviser på ambassaden i Buenos Aires, er, på bakgrunn av det som skjedd under oppgjeret etter krigen, svært bitter overfor norske styresmakter og norsk rettspraksis. Spesielt er han oppteken av dei nye lovene med tilbakeverkande kraft som vart nytta under landssvikoppgjeret, og konsekvensane dette fekk for han sjølv.

— Konsekvensane av forfalskingane, fordreingane av fakta, nye lover med tilbakeverkande kraft, samt all faenskap som presse har fått i stand, er at vi har mista land og familie. Far min var medlem i NS av idealistiske grunnar, men for politisk forfølgde ungdommer berre irrasjonelle lover, seier han.

Han påpeikar at verken han eller resten av familien hadde budd i Argentina o.: det ikkje hadde vore for desse nye lovene.

Familien kunne heller ikkje reise frå Argentina, seier han, fordi faren vart nekta norsk pass.

Far måtte vente i 20 år på å få utlevert sitt rettmessige norske pass sjølv om det er ein menneskerett i eit demokratisk land å få pass. Men slik var det ikkje for han. Argentinsk pass var aldri aktuelt — far var då ikkje opportunist, slår han fast.

#### Forfalska oppgjer

Petter Kahrs opplyser at faren gjekk glipp av fleire jobbar i USA fordi han mangla pass. Faren jobba innan Ford-konsernet.

Han meiner at rettferd betyr at ein dømmar folk etter eksisterande lover. I Norge, derimot, skreddarsydd ein lover etter krigen for å få folk dømde.

— Dette skjedde i eit land som slår seg på brystet og seier at dei respekterer menneskerettane. Det verken gjorde eller gjer Norge, seier han.

— Du er svært bitter over dei nye lovene som vart nytta etter krigen?

— Eg har vakse opp med ein versjon av krigshistoria som tilseier at den er sterkt forfalska. Var ikkje dette tilfelle, ville det ikkje vore nødvendig med dei nye lovene. Dette stadfestar at historia er forfalska.

— Far din vart NS-medlem alt i 1934? — Far min kjempa mot tyskarane den første tida. Men då han såg at kongen og regjeringa stakk av, fann han ut at Quisling-styret var det beste. Han ville jo at landet skulle bli styrt av nordmenn. Far kjempa imot bolsjevikane og kommunistane og var ingen forbrutar. Men dette kan ikkje de forstå!

#### Antonio Gramsci

— Far din vart dømd for å ha kjempa hardt for den tyske sak, samt meldt fleire personar. Er dette oppspinn?

— Det er ikkje sant, der har du forfalskinga igjen!

— I domspapira står det at far din mellom anna melde reservepolitikonstabel Borge i Bergen til statspolitiet, fordi han ikkje helste. Er ikkje det som står i dommen sant heller?

— Det er berre tull alt saman. Dommen er ikkje verdt papiret den er skriven på. Alt dette er gjort for å blåse opp saka. Hadde far hatt eit anna namn ville dommen sett annleis ut, tenk familien Kahrs...rik og kjend. Dette skulle ein også ta henn for.

— Morfaren din var tysk emigrant til Norge, og hadde sterke tyske sympatier.?

— La Antonio Gramsci ligge... Ikkje ta dette som aggresjon mot deg personleg, forstå du?

— Men alt dette står i domspapira, Petter Kahrs?

— Dette er å dra det heile ut av konteksten. Familien kom frå Bremen på 1800-talet. Der står at morfær var tysk innvandrer med tyske sympatier, men dette vil ikkje seie i politisk tyding. Det er her det er fordreing. Eg har til dømes norske sympatier.

— Meiner du rett og slett at din far vart uskuldig dømd?

— Dei dømde han for politiske meiningar. Han kjempa mot kommunismen, men for sitt fedreland. Sjølv sagt vart han uskuldig dømd.

«Solbris» var den første båten som stakk av frå Norge med NS-folk etter krigen. Men i kjølvatnet kom fleire andre som t.d. det synkande fartøyet «Rex», segthviten «Micasa» og den tilleggsare redningsbåten «Nords».



Firdaposten

# Møte med to NS-søner i Argentina

Om kvelden den 3. juli 1947 la båten «Solbris» ut frå Askøy utanfor Bergen med elleve NS-menn ombord. Målet deira var Argentina. Nokre av dei hadde rømt frå ein fangeleir for NS-folk på Espeland, og nokre var ute med meldeplikt. Fleire av rømningane hadde heller ikkje fått dommen sin for brotsverk dei hadde gjort under krigen.


Firdaposten har møtt sønene til to av NS-mennene som stakk frå Norge denne juldagen i 1947, og vi har på mange måtar møtt sønene til ein «liten» og ein «stors» NS-mann.

Jan Ludvik Landmark sin far, Johan Teodor Landmark, er den «vesle» og Petter Kahrs sin far, Sophus Kahrs, den «store».

I dag kan du lese intervjuet med Petter Kahrs, og i morgon samtalen med Jan Ludvik Landmark.



Landmark (t.v.) og Kahrs fotografert i sentrum av Buenos Aires. (Foto: Jan Atle Stang)



Petter Kahrs er svært forbanna for det som skjedde i Norge etter krigen. Men likevel er hans største ønske å få reise tilbake — for godt. (Foto: Jan Atle Stang)

— Han var sjef for Quislinghirden?

**Stemmer ikkje AKP eller Ap**

— Er han kollektivt skuldig fordi om han var sjef for noko?

— Han var ikkje sjef for kva som helst?

— Ein ting er det å vere forsvarar av Quisling, slik far min var gjennom hirden. Ein annan ting er det å bli gjort ansvarleg for det Quisling gjorde.

— Ser du på dommen til far din som kommunistisk, Petter Kahrs?

— To pluss to er fire... Den var raskdom. Det var ikkje min

dom, berre eit framhald av krigen, og mot alle menneskerettar.

— Har historia vist at nazismen var og er ein kreftsvulst for verda?

— Det interesserer meg ikkje. Eg tek ikkje parti for nokon. Eg vil halde meg langt borte frå politikk på grunn av det som skjedde med dei nye lovene i 1946.

— Kva røystar du ved dei norske stortingsvala, og kor står du politisk, Petter Kahrs?

— Politikk er det største skit i verda. Ein dyr hobby om du er på lei side. Men eg stemmer i alle fall ikkje AKP eller Ap, sier Petter Kahrs, ikkje heilt overraskande.

» Etertida har vist at far min hadde rett »

Jan Ludvik Landmark, «NS-son»

LES MEIR I FIRDAPOSTEN I MORGON



# STAKKARS DEN

■ Dette er den andre artikkelen om del to «NS-sonene» Petter Kahrs og Jan Ludvik Landmark. Begge to har stort sett levd i Argentina etter krigen. I går brakte vi intervjuet med Kahrs. I dag kan du lese intervjuet med Jan Ludvik Landmark.

**BUENOS AIRES, ARGENTINA (Firdaposten):** Etter 44 år i Argentina reknar Jan Ludvik Landmark (58) seg framleis som nordmann. Med norsk pass og røyserett. Som 13-åring reiste han, saman med mor si og systera, frå Norge til Argentina for å treffe att far sin. Året var 1949. Faren, Johan Theodor Landmark, var kaptein på fluktskuta «Solbris», som 3. juli 1947 stakk av frå Bergen med kurs mot Argentina. Ombord var elleve NS-menn. Firdaposten møtte Jan Ludvik Landmark på ein kafé i Buenos Aires.

odor Landmark, var kaptein på fluktskuta «Solbris», som 3. juli 1947 stakk av frå Bergen med kurs mot Argentina. Ombord var elleve NS-menn. Firdaposten møtte Jan Ludvik Landmark på ein kafé i Buenos Aires.

Der gatene Paraguay og Esmeralda kryssar kvarandre i sentrum av Buenos Aires ligg Den Kongelege Norske Ambassade på det eine hjørnet, og kaféen Saint Moritz på det andre. Frå vindusbordet i kaféen kan du sjå rett over til ambassadedybygningen og det norske flagget på skiltet ved inngangsdøra.

Ved bordet mitt har eg Jan Ludvik Landmark. Ein stram og elegant herremann, arkitektutdanna og leiar for det store amerikanske arkitekt- og ingeniørfirmaet Austin sine kontor i fleire latin-amerikanske land.

Men det er verken arkitektur eller estetikk som gjorde dette kafémøtet interessant. Derimot var det interessant å høyre korleis NS-sonen tolka det som skjedd under og etter 2. verdenskrig, korleis han såg på faren som NS-mann, og korleis det har vore å vekse opp i «eit anna land».

## Far var nedtyngd

Faren til Jan Ludvik Landmark, prestesonen, sjøkapteinen og NS-mannen Johan Theodor Landmark var fødd 17. juni 1902. Han var kaptein ombord på den vesle fluktskuta «Solbris», som stakk av frå Bergen med kurs mot Argentina 3. juli 1947. Ombord var elleve NS-menn som hadde stukke av frå ein fangeleir for NS-folk på Espeland utanfor Bergen. «Solbris» var den første fluktbåten som stakk frå Norge etter krigen.

— Far min meldte seg inn i NS i 1942 av overtynningsgrunnar og ideologiske. Han meldte seg til finskefronten, der han ville seie livet på fjel, og dette viser at standpunktet hans var bygd på overtynning, seier Jan Ludvik Landmark til farens forsvær.

Johan Landmark kom aldri til finskefronten, fordi han hadde hatt eit kolekolera. I staden vart han tilsett ved arbeidskontoret i Bergen, der han først jobba som fullmekting og sidan som styrar.

— Far var med på å administrere landet. Han og dei heiderlege innan NS ville at landet skulle bli styrt av nordmenn.

— Han skreiv ut gode nordmenn til tvangsarbeid for tyskarane? — Nei, nei! Far gjorde ein jobb som ein tyskar elles ville ha gjort. Men fleire gonger kom han heimatt nedtyngd, fordi han var tvungen til å skrive folk ut til tvangsarbeid.

— Du har berre fått høyrde av personen, men at han etter ei viss skifta mening, fordi han var redd for bolsjevikane og kommunistane. Difor meldte han seg inn i NS i 1942.

— Bittertida har vist at han hadde rett, seier sonen.

## Svartehørn

Han meiner at det å melde seg inn i NS medførte ein stor porsjon «sivil provasjon», fordi den som vart medlem av idealistiske grunnar måtte tekne med at alle venene og familien snudde han ryggen.

— At far meldte seg inn måtte vi barn, og mor mi, liide for — under og fleire år etter krigen. Vi vart spytt på skulen og andre stader, seier han.



Jan Ludvik Landmark (t.v) og Petter Kahrs utanfor Den norske ambassaden i Buenos Aires. Her henjar Kahrs norske aviser kvar veke. (Foto: Jan Atle Stang)

Jan Ludvik har tenkt mykje på det som skjedd under og etter krigen. Han meiner at om lag ti prosent av det norske folk i 1945 anten direkte eller indirekte var involvert i NS, og at dette utgjør ei statistisk representativ gruppe.

Men det viser også, meiner han, at det innan NS fanst mange tyar medlemmer, alt frå idealistar til kjeltringar og opportunistar.

— Ein opportunist, til dømes, melde seg kanskje inn i NS for å oppnå materiell velstand. Han gav blaffen i vener og familie. Far, som var idealist, vart ingenting.

— Svartehørn var rett og slett ikkje moralsk rett for far min. Han var jo son av ein pest, og var oppdregd til streng moral.

## Jødeforfølgninga

Jan Ludvik Landmark nekta på at faren, trass stillinga si, visste noko om jødeforfølgninga under krigen. Dei hadde høyrd rykte, men trudde det var krigspropaganda.

— Begge foreldra mine var heiderlege og sensible menneske, og ville aldri akseptert noko slikt. Dei har jo aldri vore mot jødar. Søstera mi er forresten gift med ein jøde,

og foreldra mine budde hjå dei i mange år, seier han.

— Far din visste at Norge var okkupert av den tyske krigsmakta, og med den stillinga han hadde i Bergen måtte han også vite om forfølgninga som gjekk føre seg. Tok han nokon gong sjølvkritikk?

— Høyr her! Frå 1976 til 1983 hadde vi militærdiktatur i Argentina. Det positive var at diktaturet grunde å reinse vekk gil-taen Montoneros, som heldt på å knække systemet her. Men dei militære gjorde også grufulle ting. Vi visste ikkje om det, fordi ingen av

oss var involverte i dette. Det var berre propaganda. Men det er berre propaganda til ditt hovudsoppsmål, foreldra mine budde rett og slett at rykte om jødeforfølgninga var krigspropaganda.

## Anger

Jan Ludvik Landmark seier at faren, ut frå den informasjonen som eksisterte for fenti år sidan og motstanden hans mot kommunismen, ikkje hadde nokon grunn for å angre på det han hadde vore med på. Det gjorde han heller ikkje.

— Men om far i dag, med den informasjonen ein får, hadde gjort det same, er eg i tvil om. I ettertid tok han jo avstand frå dei grufulle gjerningane til Hitler-regimet.

På bakgrunn av dette følte faren seg svært urettvist handsama etter krigen, seier Jan Ludvik. Han følte at han hadde følgd sitt samvit, gjort det rette og ikkje noko brotsverk.

— Då far min døydde i 1985 hadde han berre vore attende i Norge to gonger på 60-talet sidan 1947. Han var til sitt siste minutt bitler over det som hadde skjedd.

Johan Theodor Landmark fekk ei «milde» straff etter krigen. Det vart aldri avsaugt nokon dom, men eit forelegg som tilsa eit års fengsel, noko han godtok og undertekna personleg ved eit besøk i Oslo i oktober 1964. Straffa vart då rekna som avsona fordi han rett etter krigen hadde sitte eit år på Espeland fangeleir.

Jan Ludvik Landmark opplyser at faren etter krigen var svært deprimer. Hovudgrunnen var at han visste at han aldri meir kunne leve eit normalt liv i Norge, eller jobbe i sitt gamle sjøkapteinsyrke.

— Far var svært bitler over det han følte som urettvis handsaming. Dette gav seg mellom anna utslag i at han byrja å sture, og mor har sidan fortalt at han vurderte å ta sitt eige liv. Det kom liv i han først etter at Solbris-planene kom til.

## Rettsoppgjøret

Jan Ludvik meiner at rettsoppgjøret mot NS-folk etter krigen var ein svært vid prosess. Alt frå folk som hadde gjeve fem kroner til Røde Kors til storforbyrter vart dømd. Han har ikkje noko imot at dei som hadde gjort seg skuld i store brotsverk vart dømd, men han meiner det var lite klokt å domme folk på bakgrunn av deira ideologi.

— Fin skal ikkje dømmast for det ein meiner, men for det ein gjer, seier han.

— Sett i ein historisk kontekst meiner eg det som skjedd under oppgjøret i 1946 var feil. Men sett utifrå ein 1993-synsstad forstås det. Men det var ikkje klokt, seier han.

Han meiner det som skjedd i Norge etter krigen ikkje var unikt på nokon måte. Det var det same som skjedd i Norge som i alle land som har vunnne ein krig.

— Men det var verken tolerant eller vist, det som skjedd. Romanane hadde eit outak som sa

at det var berre propagandastoff. Det var berre propaganda. Men det er berre propaganda til ditt hovudsoppsmål, foreldra mine budde rett og slett at rykte om jødeforfølgninga var krigspropaganda.

— Men om far i dag, med den informasjonen ein får, hadde gjort det same, er eg i tvil om. I ettertid tok han jo avstand frå dei grufulle gjerningane til Hitler-regimet.

— Vi kom til Argentina med ei hand i samme og ei bak, det vil sei



JAN ATLE STANG, Journalist i Firdaposten, har laga to artiklar etter samtalar med sonene til to NS-menn. Intervjua er gjort i Buenos Aires i Argentina.

ingenting. Vi levde i om lag fem år i Argentina under svært fattig høve, seier Jan Ludvik.

Når han i dag ser tilbake på livet sitt, ser han både positive og negative sider ved det som skjedd. Det negative går i første rekke på at han var tvangsflytta til eit land der han ikkje hadde venter eller familie. Til eit land der ein må klare seg sjølv, og der ein ikkje har kontaktar som kan hjelpe ein fram. Ein annan ting er mottaks.

— Ein høyrer ikkje riktig heime i det nye landet. Berre til ein viss grad. I tillegg vart ein framand overfor sitt fødeland, seier han.

Men den verkelege utempera er utryggleiken i Argentina er det smått med pensjon, og arbeidsløysetrygd eksisterer ikkje.

— I Argentina kan berre den skruppellause eller den svært forretningskandidige greie seg på sjøkeleg vis om han vart arbeidsløst, seier han.

## Ikkje nynazisme i Europa

Men han er også Argentina stor takk skuldig, meiner han. Argentina er eit ope land, som ikkje gjer skil på utlendingar eller andre når det gjeld skulegang og universitetsutdanning. Han har også lært mykje i dette landet.

— Min livshorisont er blitt svært utvida. Herle den latinske kulturverda har opna seg for meg, og dette er ein rikdom ingen kan ta frå meg. Fordelane er med andre ord intellektuelle, ikkje materielle. Men etter min verdskata er ikkje det så gale. Men i Norge ville eg nok hatt andre sjansar, seier han.

— Vurderer du å flytte tilbake til Europa i dag?


— Kvar står du politisk i dag, Jan Ludvik Landmark?

— Eg er demokrat, og er motstandar av alle ekstremistlar som fascistane, nazisme og kommunisme.

Kollekser du på nynazismen i Europa i dag?

— Nynazismen i Europa eksisterer ikkje. Desse ungdomane er nihilistar, ei gruppe som ikkje veit kva dei dreiar seg om. Dei brukar nazisymbol for å spele lykt og redsle, og dei er interessert i destruksjon og ikkje konstruksjon. Dei er eit resultat av for høg materiell velstand og dårleg oppdrag, seier Jan Ludvik Landmark.

# SOM TAPER



Jan Ludvik Landmark meiner rettsoppgeret etter krigen var uklokt, men han er ikkje direkte forbanna over det